# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***


## Innkalling til møte i Kontrollutval - Hyllestad kommune

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutval - Hyllestad kommune** |
| **Møtedato:** | **16.12.2013** |
| **Møtetid:** | **09.00** |
| **Stad:** | **Formannskapssalen** |
| **Møtenr.:** | **4/2013** |
| **Innkalling:** | **Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen i sak 25/13,SM 19-13** |
| **Melding til:** | Ordførar (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlem. (Varamedlem møter etter nærare innkalling). |

**Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064 eller på e-postadresse: post@sekom.no.**

**SAKLISTE**

024/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
025/13 Skriv og meldingar.
026/13 Revisjonsrapport – Total gjennomgang av pleie– og omsorgssektoren sett i lys av Kostra-tal, tinging.
027/13 Oppfølgingsliste 4-2013 – Hyllestad.
028/13 Eventuelt.

Hyllestad 9.12.2013.

Håkon Giil (s)
Leiar

Audhild Ragni Vie Alme
Audhild Ragni Vie Alme
*SEKOM-sekretariat*


| **Postadresse** | **Kontoradresse** | **E-post** | **Telefon** | **Telefaks** | **Org nr.** | **Bankgiro** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | 57612785 arva<br>97170064 arva<br>57612786 vø<br>95139762 vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 024/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Sakshandsamar:** **Audhild Ragni Vie Alme.** SEKOM- sekretariat
**Dato:** 09.12.2013

| Utval | Dato | Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 16.12.2013 | 024/13 | - | Ja |

**<u>Kontrollutvalet sitt vedtak:</u>**

# 025/13 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** **Audhild Ragni Vie Alme.** SEKOM- sekretariat
**Dato:** 09.12.2013.

| Utval | Dato | Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 16.12.2013 | 025/13 | - | Ja |

**Saksvedlegg**

SM 16-13: Brev frå Fylkesmannen datert 23.10.2013: Skjønsmidlar 2013 – midlar som ikkje tidlegare er fordelt.

SM 17-13: Brev frå Fylkesmannen datert 18.09.2013: Rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Hyllestad kommune.

SM 18-13: Kommunestyrevedtak 054/13 Budsjettkontrollrapport 2. tertial 2013.

SM 19-13: E-post datert 8.10.2013 frå rådmann Bente Nesse med diverse dokument i sak om traktorveg og tinglyste vegrettar til gnr. 37 gnr. 1-3, 5 og 6.
E-post datert 15.10.2013 frå Håkon S. Giil.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Orientering frå rådmannen i SM 19-13.

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

**SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

**Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak, kan skriv og meldingar takast til vitande. eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

•

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

SM 16-13

Hy

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfktr@fylkesmannen.no

Vår dato 23.10.2013
Dykkar dato

Vår referanse 2012/3633 - 331.2
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

**Skjønnsmidlar 2013 – midlar som ikkje tidlegare er fordelt**

I tildeling av skjønnsmidlar for 2013 vart det sett av ein sum på kr 11 350 000 til seinare fordeling. Av dette er kr 4 754 500 fordelt og utbetalt til kommunane som fornyingsmidlar.

Restsum på kr 6 595 500 skal fordelast slik til kommunane:

| | |
|---|---|
| 1401 Flora | kr 2 350 000 |
| 1412 Solund | kr 1 000 000 |
| 1413 Hyllestad | kr 1 200 000 |
| 1428 Askvoll | kr 500 000 |
| 1441 Selje | kr 1 545 000 |

Flora får tildelt midlar til sluttføring av plan for inndekning av eit akkumulert underskot som vart dekt inn i 2012 rekneskapen. Av eit samla underskot på 18,3 mill. kroner, har kommunen fått til saman 6,2 mill. kroner i skjønnsmidlar.

Solund kommune har samanlikna med andre kommunar låg vekst i frie inntekter i det framlagde statsbudsjettet for 2014, stor nedgang i folketalet og samla sett svak økonomi. Tildelinga er meint som ein «buffer» framfor 2014, saman med at kommunen sjølv har og skal gjennomføre tiltak for å tilpasse seg ramma for frie inntekter i 2014.

Hyllestad får tildelt midlar ut i frå kriteriet vanskeleg økonomi. Kommunen har og sterk nedgang i folketalet, som påverkar veksten i frie inntekter frå 2013 til 2014. Kommunen gjennomfører tiltak for å tilpasse seg ramma for frie inntekter, og ekstra skjønnsmidlar er meint som ein reserve til 2014.

Askvoll har hatt utgifter til gjennomføring av prosjektet Kyllaren (innsjøliknande fjordarm) med sikte på å fjerne luktplager, som har vore til ulempe for dei som bur og oppheld seg i området. Det har vore arbeidd med prosjektet i lenger tid, og det er no i ein sluttfase. Kommunen har tidlegare fått ekstra skjønnsmidlar med kr 500 000, og får no kr 350 000 til sluttføring. I sum utgjer dette om lag 50 % av utgiftene til prosjektet. I tillegg får kommunen kr 150 000 for vanskeleg økonomi etter eit større underskot i 2012.

Etter eit større underskot i 2012 er Selje kommune i starten på eit større omstillingsprosjekt for å oppnå balanse i økonomien. Kommunen har hatt ekstern hjelp til å utarbeide ein rapport som skal vere grunnlaget for gjennomføring av tiltak. Til dette får kommunen kr 200 000 i ekstra skjønnsmidlar. Kommunen har negativ folketalsutvikling og stor auke i utgifter til særleg ressurskrevjande brukarar. For å møte nemnde utvikling og midlar til ein fase der det skal gjennomførast tiltak for å oppnå balanse i økonomien, får kommunen kr 1 345 000 i ekstra skjønnsmidlar.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon 57 64 30 00
Telefaks 57 65 33 02
Org nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett
www.fylkesmannen.no/sfj

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post:
Flora kommune
Solund kommune
Hyllestad kommune
Askvoll kommune
Selje kommune

Kryss-revisjon (kryss@forde.kommune.no)
Kommunerevisjonen i Nordfjord (markvard.sunde@stryn.kommune.no)

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

SM 17-13

Sakshandsamar: Eline Orheim
Telefon: 57643012
E-post: fmsfeor@fylkesmannen.no

Vår dato 18.09.2013
Dykkar dato

Vår referanse 2013/954 - 350
Dykkar referanse

Hyllestad kommune

# Rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Hyllestad kommune

**1. Bakgrunn for tilsynet**
Føremålet med tilsynet var å kontrollere om kommunen etterlever lov- og forskriftskrav om kommunal beredskapsplikt. Tilsynet vart gjennomført med heimel i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelseslova) § 29, og § 10 i forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt.

**2. Hovudinntrykk**
Hyllestad kommune tilfredsstiller ikkje krava om kommunal beredskapsplikt. Kommunen viste god forståing for dei problemstillingane som vart drøfta under tilsynet. Den har ein overordna beredskapsplan, og har planar om å starte arbeidet med å lage ein heilskapleg risiko- og såbarheitsanalyse. Den eksisterande ROS-analysen tilfredsstiller ikkje krava i sivilbeskyttelseslova og forskrifta.

**3. Resultat frå tilsynet**

**3.1. Definisjonar**
Avvik: Brot på krav i lov eller i forskrift.
Merknad: Funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

**3.2. Avvik**
Følgjande avvik vart avdekka under tilsynet:

**Avvik nr. 1**: Kommunen manglar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

Utdjupande kommentar:
Kommunen har ein ROS-analyse frå 2005 (?). Analysen tilfredsstiller ikkje krava som vert stilt til ein heilskapleg ROS-analyse, fordi den mellom anna manglar:

- analysar av korleis klimaendringar kan påverke framtidige risiko- og sårbarheitsforhold

- skildring av risiko og sårbarheit som kan ha betydning for kommunen, sjølv om det ligg utanfor kommunen sitt geografiske område
- analysar av kommunen sin evne til å oppretthalde verksemde under ulike påkjenningar
- analyse av behov for befolkningsvarsling og evakuering
- skildring av korleis kommunen skal følgje opp ROS-analysen

**Avvik nr. 2:** Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er ikkje tilfredsstilt, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:
ROS-analysen skal vere grunnlaget for å utabeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar eller plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Samstundes må kommunen vurdere om det er forhold i den heilskaplege ROS-analysen som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

**Avvik nr 3:** rutinane for oppdatering/revisjon av beredskapsplanen er ikkje samsvar med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6.

Utdjupande kommentar:
Beredskapsplanen skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong per år. Hyllestad kommune sin beredskapsplan legg opp til oppdatering minimum kvart 4. år.

**Avvik nr 4:** rutinane for øving er ikkje samsvar med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7.

Utdjupande kommentar:
Kommunen sin beredskapsplan skal øvast minimum kvart andre år. Hyllestad kommune sin beredskapsplan legg opp til øving minst ein gong kvart 4. år.

**3.3. Merknad**
Ingen merknadar vart notert under tilsynet.

**4. Dokument**
Følgjande dokument vart brukt under tilsynet:
Kriseberedskapsplan for Hyllestad kommune
Smittevernplan
Brannvernplan
Beredskapsplan for vatn og avlaup

Med helsing

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Eline Orheim
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til
Kopi med vedlegg:
Kopi utan vedlegg:
Kopi pr. e-post:

HYLLESTAD KOMMUNE

SM 18-13

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval, styre m.v.** | **Møtedato** | **Saksnr.** |
| Hyllestad formannskap | 27.09.2013 | 074/13 |
| Hyllestad kommunestyre | 17.10.2013 | 054/13 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkivkode:** | **Arkivsaknr.** |
|---|---|---|
| Bente Nesse | K1-150 | 13/250 |

# Budsjettkontrollrapport 2. tertial 2013

**ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad formannskap tek 2.tertialrapport til vitande.

**27.09.2013 HYLLESTAD FORMANNSKAP**

**FORM-074/13 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Hyllestad formannskap tek 2.tertialrapport til vitande.

**17.10.2013 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE**

Morten Askvik,SP, sette fram følgande alternative framlegg:
«1. Hyllestad kommunestyre godkjenner framlegget til budsjettjusteringar.
2. Hyllestad kommunestyre ber rådmann foreslå tiltak som kan redusere underskotet».

Rita Ørnehaug,AP, sette fram følgande alternative framlegg:
«1.Kommunestyret tek 2.tertialrapport 2013 til vitande.
2.Kommunestyret vedtek framlegg til budsjettendringar.
3 Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å iverksetje naudsynte tiltak for å redusere driftsunderskotet pr. 31.12.13 Endring som vil/kan medføre strukturendringar blir framlagde kommunestyret etter gjeldande lover og praksis».

Morten Askvik ,SP trekte sitt framlegg.
Rit Ørnehaug sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KOMM-054/13 SAMRØYSTES VEDTAK:**

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2013 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek framlegg til budsjettendringar.
3. Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å iverksetje naudsynte tiltak for å redusere driftsunderskotet pr. 31.12.13. Endring som vil/kan medføre strukturendringar blir framlagde kommunestyret etter gjeldande lover og praksis.

**DOKUMENTLISTE:**

| Nr | T | Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 21 | U | 19.08.2013 | Fagforbundet v/HTV Hildur Akse | Vaskeri - og kjøkkentenestene - informasjon og medverknad frå dei tilsette |
| 25 | X | 13.09.2013 | Økonomiavdelinga - Irene Bøe | Økonomiske oversikter 2.tertial 2013 - rekneskap |
| 26 | X | 15.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontrollrapport 2. tertial 2013 - Sentraladministrasjonen |
| 34 | X | 17.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontrollrapport 2.tertial 2013 - økonomiavdelinga |
| 29 | S | 17.09.2013 | | Budsjettkontrollrapport 2. tertial 2013 |
| 31 | X | 18.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontrollrapport 2.tertial 2013 - finans |
| 40 | X | 18.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontrollrapport 2. tertial - 355 NAV Hyllestad |
| 39 | X | 18.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontroll 2.tertial - Plan og utvikling |
| 36 | X | 18.09.2013 | Rådmannen - Bente Nesse | Budsjettkontrollrapport 2.tertial - helse og omsorg |
| 41 | I | 19.09.2013 | Gjermund Flage | Budsjettkontrollrapport 2. tertial - oppvekst (same som dok-38) |
| 42 | I | 23.09.2013 | Barnevernet | Rapport 2.tertial-barnevern |
| 43 | U | 08.10.2013 | Eldrerådet | Førebyggjande heimebesøk |

**AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:**
Finans og økonomireglement for Hyllestad kommune,
Kommunelova

**KVA SAKA GJELD:**
Rapport pr 31.august 2013

**SAKSUTGREIING:**

I følgje Hyllestad kommune sitt økonomireglement skal det etter kvart tertial leggast fram ein samla kontrollrapport til politisk handsaming. Kvar einskild tenesteleiar skal utarbeide ein rapport for sitt ansvarsområde. Desse ligg som vedlegg i saka og rådmann syner til at her finn ein de dei detaljerte rapportane frå tenesteområda.

**Generelt Hyllestad kommune – situasjon pr. 2.tertial:**
Folketalet syner framleis ei negativ utvikling og negativ endring frå 01.01.13 til 01.07.13 er 24 personar. Det er sett i gang tiltak for å kartlegge flytteårsaker, samt sjå på potensialet i utanlandsk arbeidskraft ved Havyard i forhold til folketalsregistrering. Folketal og skatteinntekter er dei viktigaste kriteriane i inntektssystemet for kommunen.
Sjølv om det er nedgang i folketalet så er det på fleire områder optimisme og positiv utvikling. Omstillingsarbeidet er vedteke vidareført ut 2015 og fleire av prosjekta går no inn i gjennomføringsfasen. Næringslivet melder om optimisme og planlegg rekruttering av fleire arbeidstakarar.
Ved inngangen til nytt barnehageår er det ein nedgang i talet på born på 11. Denne nedgangen er stor og attspeglar at talet på fødde barn dei siste åra er svært lågt i kommunen.
Budsjettrapport 2.tertial syner at den negative økonomiske utviklinga ved 1.tertial held fram. Rekneskapen syner eit periodisert overforbruk på 4,5 mill. Utfordringa er spesielt knytt til Helse & omsorg. Omsorgstenestene har pr.31.08. eit periodisert avvik på 3,6 mill kr.
Dei andre områdene ligg om lag på budsjett.
Ved 1.tertial rapportering vart det umiddelbart sett i verk ei rekke tiltak for å bremse den negative utviklinga og få betre kontroll over forbruket. Tiltak er fulgt opp og har ynskt effekt. Utfordringa er å gjere varige kostnadsreduksjonar.
Når det gjeld tilskot til privat barnehagedrift vart det i nasjonalbudsjettet for 2013 vedteke å auke tilskotet i offentleg finansiering frå 92 til 94 prosent I RNB vert det føreslege at tilskotet vert auka til 96 prosent frå same verknadsdato
Skatteinntektene (inkl. skatteutjamning) ligg omtrent på periodisert budsjett pr. 31.08.2013, men det er framleis usikkerheit om skatteinntektene framover.

**Oversikt over nokre tenesteområder:**
Under vert det kort peikt på viktige utviklingstrekk i nokre tenesteområde.

**Finansområdet:**
Vi har mindre startlån og dermed mindre renteinntekter og renteutgifter.
Pga. opptak av lån til investeringar på 21,4 mill. som er plassert i bank til investering/utbetaling skjer, har vi fått auka renteinntekter.

Rentemarginen er 1,3%-enheter i vår favør.
Det er knytt usikkerheit til skatteinntektene framover,men pr 31.08. ligg vi på periodisert budsjett. Likviditeten god,men dette vil endre seg etter kvart som investeringsprosjekta vert ferdigstilt
Finansområdet viser en innsparingspotensiale på 250 tkr.

**Sentraladministrasjonen:**
Politisk styring ligg høgt i forhold til budsjettet. Det kan nemnast at m.a høgt forbruk på posten tapt arbeidsforteneste, reisekostnader og auke i ordførargodtgjersla .
Samla utgjer overforbruket 60.000, som det ikkje er dekning for.
Flyktningeadministrasjon syner ei inntekt, dette er ikkje korrekt då ein ikkje har gjennomført all fordeling til andre tenesteområdet enno. Denne tenesta kjem til å gå i balanse ved årsslutt og med eit overskot pr. 2. tertial ser det ut til at heile ansvarsområdet kjem litt betre ut enn kva som er realiteten.

**Oppvekst:**
Hyllestad skule signaliserte eit meirforbruk på 680000,- ved første tertialrapport, dette avviket er redusert til 111 000. Årsakene er i første rekkje at ein større del av kostnader knytt til gjesteelevar blir betre inndekka fordi malen for refusjon er revidert og at ein har redusert stillingar til fagarbeidarar.
Hyllestad barnehage kjem til å få ei innsparing på 200000 som skuldast at bemanninga er redusert pga. færre barn i barnehagen frå 01.08.

Privat barnehage:
Her er ei innsparing på kr. 100 000 grunna lågare tilskot til den private barnehagen. Tilskotet er blitt redusert som følgje av at den kommunale barnehagen har redusert sine utgifter til generell drift.

**Helse og omsorg:**
Helsetenestene har pr 2.tertial ei periodisert mindreutgift på kr 127.286. Ein har meldt innsparing på kr 287.177:
Omsorgstenestene hadde eit periodisert negativt avvik etter 2 mnd på 1.091' kr, etter 3 mnd 1.010, kr og etter 4 mnd 1.336' kr. Etter 8 mnd er periodisert avvik 3,6 mill kr. Utviklinga er negativ og avviket er veksande. Budsjettet er basert på ei rekkje føresetnader som viser seg å ikkje halde.
Ein arbeider med tiltak innan

- Kjøkken
- Vaskeri
- Oppdekking av helgevakter

Målet er å legge fram utgreiingar av tiltak på kjøkken og vaskeri til kommunestyret 17. oktober. Ev tiltak vil ikkje få verknader i år.
Kostnadsnivået på omsorgstenestene har flata ut sidan 2011. Kostratala for 2012, som no føreligg, dokumenterer at ein no ligg under fylkesnivået og så vidt over samanliknbar kommunegruppe. Dette viser at sektoren ikkje har eit urimeleg høgt forbruk.
Årsprognose for helse- og omsorgstenestene pr 2.tertial er altså ei mindreutgift på helse på kr 287.177 og ei meirutgift på omsorg på kr 2.782.500. Samla for tenestene er meirutgift på om lag 2,5 mill kr.

**Plan & utvikling:**

Forbruket ligg pr 31.08 på 81,6% og kan sjå høgt ut. Her vil kome inntekter som gjer at ein forventar å vere på budsjett ved årsslutt.
Både Folkehelsekoordinator og Frivilligsentralen ligg på budsjett.

**Investering:**
Det er ingen endringar i investeringsplan i forhold til 1.tertial.

**Årsprognose 2013.**
Det syner eit samla overforbruk på 2954 tkr, og ei innsparing på kr. 977 000,-
Differanse på kr 1977 tkr.

| **Budsjettkontroll 2.tertial 2013** | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| **DRIFT (tkr)** | | **Årsprognose 2013** | |
| **Ansvar** | **Teneste** | **Innsparings-potensiale** | **Overforbruk** |
| 120 | Administrasjon | | 60 |
| 130 | Økonomi/IKT | 25 | |
| 200-280 | Oppvekstsektoren: | | |
| | - Oppvekstssjef | 20 | |
| | -Skule | | 111 |
| | -Barnehage (komm. og privat) | 300 | |
| | -Bibliotek | 75 | |
| | -Kulturskule | 0 | |
| 355 | NAV | 20 | |
| 310-360 | Helse | 287 | |
| 371-373 | Omsorg | | 2783 |
| 600-690 | Plan- og utvikling | 0 | |
| 900 | Finansområdet | 250 | |
| | **Sum** | **977** | **2954** |
| | **Differanse** | | **1977** |
| | | | |
| | | | |
| Saldo disposisjonsfond pr. 31.08.2013 | | | 25 |
| Budsjettert avsetning til disp.fond i 2013 | | | 8 |
| Reserve | | | 33 |

**Konklusjon:**
Slik prognosene er ved 31.08., styrer vi mot eit underskot i 2013.Det må gjerast ytterlegare tiltak ut året for å betre på situasjonen i 2014. Utfordringane er knytt spesielt til omsorgstenetsene,men alle tenesteområde må sjåast under eitt i forhold til årsresultat.

I 468/13 SM 19-13

**Øvrebø Vidar**

**Fra:** Håkon S. Giil <giil@online.no>
**Sendt:** 15. oktober 2013 10:47
**Til:** Nesse Bente
**Kopi:** Øvrebø Vidar
**Emne:** SV: Klage til kontrollutvalet

Rådmann Bente Nesse.

Eg vil føreslå at kontrollutvalet handsamar saka som ei referatsak på neste kontrollutvalsmøte, og at du møter for å svare på moglege spørsmål frå utvalsmedlemmene. Dersom ein finn grunn til å flytte saka opp på saklista, bør ho truleg utgreiast og handsamast på eit seinare møte. Eg ser heller ikkje noko grunnlag for å be om alle dokumenta i saka, det kan vi eventuelt komme attende til dersom kontrollutvalet vil ha saka opp som eiga sak.

Eg ser ikkje noko behov for at Gunnar Risnes skal inviterast til møtet. Ei heilt anna sak er at etter lovendringa må vel no møtet reknast som ope.

Vennleg helsing

Håkon S.

---

**Fra:** Nesse Bente [mailto:Bente.Nesse@hyllestad.kommune.no]
**Sendt:** 8. oktober 2013 09:28
**Til:** 'Giil Håkon S (giil@online.no)' (giil@online.no)
**Kopi:** Øvrebø Vidar
**Emne:** Klage til kontrollutvalet

Hei

Sjå vedlagte klage til kontrollutvalet.

Eg har bedt Gunnar Risnes legge saka fram for kontrollutvalet for å få ei vurdering av kommunen si handsaming av saka.
Gjer merksam på at det i 2012 vart inngått privatrettsleg forlik.
Forliksdokumentet har eg fått frå Risnes sin motpart.

Det er eit stort omfang av dokument i saka.

Dersom de vil ha tilsendt alle dokument til handsaming i kontrollutvalet, høyrer vi frå deg.

Mvh
Bente Nesse

## Øvrebø Vidar

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Nesse Bente |
| **Sendt:** | 8. oktober 2013 09:28 |
| **Til:** | 'Giil Håkon S (giil@online.no)' (giil@online.no) |
| **Kopi:** | Øvrebø Vidar |
| **Emne:** | Klage til kontrollutvalet |
| **Vedlegg:** | Traktorveg og tinglyste vegrettar til Gnr.37 bnr.1-3 og 5 og 6.pdf |

Hei

Sjå vedlagte klage til kontrollutvalet.

Eg har bedt Gunnar Risnes legge saka fram for kontrollutvalet for å få ei vurdering av kommunen si handsaming av saka.
Gjer merksam på at det i 2012 vart inngått privatrettsleg forlik.
Forliksdokumentet har eg fått frå Risnes sin motpart.

Det er eit stort omfang av dokument i saka.

Dersom de vil ha tilsendt alle dokument til handsaming i kontrollutvalet, høyrer vi frå deg.

Mvh
Bente Nesse

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 Hosle
Mobil 97759546

HYLLESTAD KOMMUNE
Sentralarkiv
04 OKT 2013
Arkivsaksnr.: 13/517-1
Arkivkode: V83 &02 Saksh.: BNE

02.10.2013

Hyllestad kommune
v/Kontrollutvalget
6957 Hyllestad

Sommerens lyse kvelder er historie, oktober har kommet og snart er det vintersolverv. Med andre ord tiden flyr. Ett år har gått siden møtet med jordbrukssjef og plan- og utviklingssjef i Hyllestad kommune. Igjen er trekkfuglene på vei sydover. Vi mennesker har grublet mye over den ubendige naturkraft som driver disse talløse skarer syd og nord hver høst og vår. Hvor savn, møye og farer av alle slag blir denne hvileløse flukt over uendelige bølgende hav til del. Ingen ting stanser dette mektige trekk.

Nå er det ikke trekkfuglenes strev og møye undertegnede vil ha Kontrollutvalgets vurdering av. Det var kun ment som et passende utgangspunkt for at det har gått ett år siden ovennevnte møte fant sted med ansatte i Hyllestad kommune. Som det vil fremgå av brev og vedlegg sendt Hyllestad kommune ved rådmann og ordfører 11.06.2013, har jeg prøvd å få en avklaring om den anlagte traktor-/bilvei er i henhold til lover, regler og opplysningsplikt for slike anlegg i strandsonen, og hvor også deler av en steingard er fjernet.

I møtet 08.08.2013 med rådmann Bente Nesse og ordfører Jan Olav Gjerde med påfølgende befaring av den anlagte traktor- /bilveien, fikk jeg forståelse av at dette var et forhold Hyllestad kommune raskt ville rydde opp i.

Ved høstjevndøgn gjestet jeg i solskinn, Borsholmen. Vårherre hadde fanget høstens farger på sin palett. Svingt sin pensel og malt landskapet i høstens farger. Til glede og inspirasjon for sine undersotter. Selv lykkes jeg med å få en samtale med rådmann som kunne fortelle at min sak hørte hjemme hos Kontrollutvalget i Hyllestad kommune.

Jeg tillater meg derfor å stille følgende spørsmål:

1. Var Hyllestad kommune i 2009 kjent med at det var tinglyst veiretter til bnr. 5 og 6 i 2006?
2. Var det feil i Hyllestad kommune sitt kartgrunnlag i 2006 som muliggjorde at en kunne tinglyse veirettighetene?
3. Kan Hyllestad kommune på fritt grunnlag bestemme hvilke grunneiere til et felles utmarksområde som skal innkalles til kommunal befaring?
4. Mener Kontrollutvalget at den anlagte traktor-/bilvei i et felles utmarksområde, og hvor deler av en steingard er tatt bort, er et forhold som det skal reageres på fra Hyllestad kommune sin side?

Det står ikke til å nekte, jeg finner Hyllestad kommune sin forvaltning av saken så langt lite tilfredsstillende. Mitt fromme håp er at Kontrollutvalget tar det nødvendige grep. Det skal ikke så mye research til, som det heter i våre dager, for å finne ut av de faktiske forholdene. En befaring i området vil også gi nødvendig informasjon. Det er fortsatt mange elever og lærere som har vært ved skolen som kan gi utfyllende informasjon om nødvendig.

Jeg imøteser en snarlig tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Gunnar Risnes

Kopi: Rådmann Bente Nesse
Ordfører Jan Olav Gjerde

Vedlegg:
1. Saksfremstilling oversendt rådmann og ordfører 11.06.2013.
2. Bilde med inntegnet grind i steingard oversend på e-post 21.08.2013 til rådmannen.
3. Bilde fra midt på 1950-tallet som viser elever i det nordvestlige hjørnet av skoleplassen. Bildet illustrerer terrenget utenfor skoleplassen.

Gunnar Risnes

Berta Bråtens vei 13

1362 Hosle

Mobil 977 59 546

11.06.2013

Hyllestad kommune

v/Rådmann Bente Nesse

6957 Hyllestad

**Ved.: Traktorvei og tinglyste veiretter til Gnr. 37 bnr. 1-3 og 5 og 6**

Viser til møte med Hyllestad kommune 29.10.2012 med jordbrukssjef og plan- og utviklingssjef. Det fremkom på møtet at det var feil i kartgrunnlaget til Hyllestad kommune for Gnr. 37 bnr. 1, 2 og 3. Dette var noe Hyllestad kommune skulle finne ut av og avklare. Siden Hyllestad kommune i telefonsamtale 30.04.2013 viste til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rettet jeg en henvendelse om saken i brev av 15.05.2013 (vedlagt). Svar på min henvendelse kom i brev datert 03.06.2013. Svaret fra Fylkesmannen foreligger hos Hyllestad kommune i elektronisk kopi. Mitt brev til Fylkesmannen med vedlegg gir en rimelig oversikt over hva saken dreier seg om.

Det kan likevel være grunn til å rette oppmerksomheten mot brevet fra jordbrukssjef datert 14.02.2011. Slik jeg leser brevet gir han nærmest byggetillatelse av vegen. *«Sjølv om vi skulle komme til at vegarbeidet i 1998 var søknadspliktig då, kan vi ikkje krevje vegen fjerna eller endre, og vi kan heller ikkje krevje søknad om løyve til anlegget no. Ei anna sak er at om det hadde vorte søkt om løyve til veganlegget i 1998, ville søkjaren høgst sannsynleg fått omsøkt løyve.* ***Ut frå dette vil Hyllestad kommune ikkje bruke meir arbeidstid enn det som alt er gjort, på å rekonstruere historia til nemde veg. Dette har inga offentleg interesse no. Vurderinga ovanfor er gjort i samråd med Administrasjonssjefen»***. Jeg finner ingen grunn til å kommentere form og innhold i brevet, men stiller meg undrende til om ikke alle grunneiere skal være representert ved synfaringen som ble gjort 17.01.2011. Den eneste som var tilstede sammen med kommunens representanter var tidligere eier av bnr. 1 og 3 som bygde veien.

Jeg innrømmer villig at min erfaring med Hyllestad kommune har ført til frustrasjon. Det sies at vår erfaringsverden er så forskjellig utviklet, men at et fellestrekk synes å gå igjen for de fleste – frustrasjoner glemmes lett. Ikke at en var frustrert – men hvor frustrert en var. Der har Vårherre fått nedlagt en vellykket elastisitet hos sine undersotter, så en ikke så lett skal oppgi å fungere der en nå engang er plassert. Jeg setter min lit til at denne empiriske livstilbøyelighet skal vise seg å holde stikk. En kan jo frykte at det går såkalt prestisje i en sak, men det er lov å håpe at Hyllestad kommune finner det er god grunn til å se med friske øyne på etableringen av traktorvei i strandsonen og tinglyste rettigheter til bnr. 5 og 6.

Jeg imøteser en skriftlig tilbakemelding på hvordan Hyllestad kommune forholder seg til ovennevnte sak.

Med vennlig hilsen

Gunnar Risnes

Kopi: Ordfører Jan Olav Gjerde

**HYLLESTAD KOMMUNE**
**Plan og utvikling**

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13

1362 HOSLE

| **Vår ref.:** | **Dykkar ref.:** | **Arkivkode:** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Arkivsaknr.: 11/16-9/ SAT<br>L.nr.: 13/3171 | | K2-V83 | 19.06.2013 |

## Vedkommande traktorveg Gnr. 37 bnr. 1,2 og3

Viser til ditt brev datert 11.6.2013 og spørsmål om vegen er oppgradert so mykje at arbeidet var søknadspliktig.

Kommunen var på synfaring 17. Januar 2011. Etter synfaringa og påstandar frå begge partar, finn kommunen i brev datert 18.1.2011(doknr.11/16-2) stila til Gunnar Risnes at det ikkje er mogleg å komme til anna konklusjon enn at dette er eit privatrettsleg forhold. Kommunen har ikkje endra syn i saka.

Vegen er ikkje oppgradert til bilveg og heller ikkje søkt bruksendra. Om det likevel ferdast bilar på vegen er dette ulovleg ferdsel jf § 3 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Dette er i tilfellet ei sak for Politiet.

Når det gjeld retting av kartet referer me til skrivet frå fylkesmannen datert 3.6.2013. Der dei skriv fylgjande:
«Oppretting eller registrering av uregistrerte jordsameier krever oppmålingsforretning før matrikkelføring, jf. matrikkelloven § 6 bokstav a og c. Som kommunen har vist til i brev datert 28.02.2013, må rekvisisjon av matrikkelenheter i sameie kreves av samtlige sameiere eller ved fullmakt til styret, annet organ eller person.»

Utifrå dette meiner kommunen at vilkåra for å rette opplysningar i matrikkelen ikkje føreligg.

Vidare skriv fylkesmannen: «Dersom vilkårene for å rette opplysninger i matrikkelen ikke foreligger, kan en eventuell uenighet mellom partene om eiendomsforholdene løses ved jordskifteretten eller ved de alminnelige domstolene.»

Kommunen opplever ikkje ditt brev som ei klage på avslag om krav til retting av opplysningar i matrikkelen, som Fylkesmannen gjorde deg oppmerksom på i sitt brev at du kunne.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Postadr.: | 6957 HYLLESTAD | Org.nr. | 964 967 547 |
| Telefon: | 57 78 95 00 | Bankkonto skatt: | 7855.05.14132 |
| Telefaks: | 57 78 86 95 | Bankkonto: | 3837.07.00319 |
| E-post: | postmottak@hyllestad.kommune.no | Web-adresse: | www.hyllestad.kommune.no |

Utifrå skrivet frå Fylkesmannen, breva sendt ut av kommunen, frå deg og Jan Borsholm finn ein at det ikkje har komme inn opplysningar som gjer at vårt syn på saka er endra.

| | |
|---|---|
| Med helsing | Med helsing |
| Stig A. Tverberg | Bente Nesse |
| Plan- og utviklingssjef | Rådmann |
| *Telefon: 57789548* | *Telefon: 57789503* |

**Kopi til:**

| | | |
|---|---|---|
| Bjørn Ivar Hjelmeland | Plan og utvikling | 6958 SØRBØVÅG |
| Jan Borsholm | | |
| Monica Borsholm Hyllestad | Gamlestøylsvegen 39 | 6800 FØRDE |
| Bente Nesse | Rådmann | |
| Leif Sellevoll | Olvikstallen 18 | 5184 OLSVIK |

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 Hosle
Mobil 97759546

15.05.2013

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

**God kommunal forvaltning i Hyllestad kommune?**

Det følger alltid overraskelser med et feriested. Bare det at det eksisterer og ligger på plass når en kommer, er en overraskelse. Det er nå engang rart med det en overlater til Gud og hvermann. Undertegnede kjenner alltid en gledens hjerteklapp når siste svingen er rundet og jeg ser veien jeg fikk bygget i 1994, og som leder frem til mitt ferieparadis.

Forundringen var stor da jeg kom på sommerferie i 1999 og så at det var knyttet en traktorvei til min vei. Daværende eier av bnr.. 1 og 3, Jan Borsholm, kunne fortelle at alle forhold knyttet til etableringen av veien var i henhold til det kommunale regelverket, og at han som eier av grunnen kunne bygge vei uten å varsle meg. Jeg innrømmer villig at jeg var naiv nok til ikke å undersøke dette nærmere, da det kun var snakk om en meget begrenset bruk til landbruksformål. Mitt feriested er forresten et gammelt skolehus kjøpt av Hyllestad kommune i 1969.

**Forhold knyttet til hvordan traktorveien er blitt anlagt på Gnr. 37, bnr. 1,2 og 3, tinglyste rettigheter til bnr. 5 og 6, gjør at jeg tillater meg å stille spørsmål ved den kommunale forvaltningen og hvordan den utøves i Hyllestad kommune.**

I 2009 ble jeg ved en tilfeldighet klar over at traktorveien skulle oppgraderes til bilvei for turister, og ikke lenger kun tjene til landbruksformål. Jeg tok på dette tidspunkt kontakt med Hyllestad kommune om det var tinglyst veirett for utskilt hyttetomt bnr. 6. Jeg fikk beskjed om at det var ingen tinglyst rettighet. Ut fra utskrift fra Kartverket 7. mai 2013 finner jeg at det er tinglyste rettigheter i 2006, noe som vel innebærer at denne var kjent for Hyllestad kommune i 2009?

Det var først høsten 2012 jeg ble oppmerksom på at gnr. 5 og 6 hadde fått tinglyste rettigheter til min vei. Jeg tok da kontakt med Hyllestad kommune for å prøve å finne ut på hvilket grunnlag tinglysningen var gjort. Det ble avtalt møte 29. oktober 2012. Tilstede på møtet var jordbrukssjef Bjørn Ivar Hjelmeland og plan- og utviklingssjef Stig A. Tverberg. Jeg fikk opplyst at det i forbindelse med digitaliseringen av kommunens kart var oppstått feil i martrikkelkartet Gnr. 37 som gjelder for min eiendom. Feilen gjør at det ikke fremkommer at utmarksområdet som omkranser min eiendom er felles for brukene 1, 2 og 3. Det er følgelig de samme

grunneierforholdene som da Hyllestad kommune ervervet grunn til Borsholm skule i 1930.

Til min store overraskelse ble jeg fortalt av plan- og utviklingssjef at arbeidet med digitaliseringen av kommunens kart hadde vært gjort på dugnad. Jeg forstår det slik at det kan være et galt kartgrunnlag som har gitt tinglyste rettigheter til bnr. 5 og 6. For øvrig var det først i 2009 jeg selv ble klar over at også bnr. 2 var medeiere av grunnen rundt min eiendom. Noe som også gjelder for eieren av bnr. 2, Leif Sellevoll, som overtok denne sammen med to brødre i 2005 etter sin onkel, og som ble eneeier i 2012.

I møtet29. oktober 2012 ble jeg lovet at Hyllestad kommune skulle avklare forholdene knyttet til feil i martrikkelkartet. Etter purringer mottok jeg avklaringen i brev datert 28. februar 2013. Jeg ønsket en ytterligere forklaring og mottok dette i brev av 13. mars 2013. Etter det jeg ble opplyst kunne ikke Hyllestad kommune gjøre mer grunnet regler fra Kartverket.

Etter å ha kontaktet Kartverket mottar jeg datert 19. april 2013. Slik jeg forstår brevet fra Kartverket har en kommune ansvar for at deres martrikkelkart er riktige? I telefonsamtale med plan- og utviklingssjef 26. april 2013 gjør jeg han kjent med Kartverkets brev. Den 30. april gjentar jeg mitt ønske om å få skriftlig hvilke eiendomsforhold som har vært og gjelder for Gnr. 37. Det ble da henvist til at saken var tatt opp med Fylkesmannen v/Arnt Erik Nordheim, og at det ikke var noe mer Hyllestad kommune kunne bidra med.

Ja, ja, så galt kan det gå. Jeg er fortrolig med både stampesjø og motvind. Men det er heller ingen ringe sak å forholde seg til den kommunale forvaltning i Hyllestad kommune. Jeg setter min lit til at Fylkesmannen finner at det er god grunn til å bringe på det rene hva som er fakta om den anlagte traktorvei og de tinglyste veiretter som er knyttet til denne.

Med vennlig hilsen

Gunnar Risnes

Vedlegg:

1. Skjøte og håndgivelse til Hyllestad kommune i 1930
2. Skjøte til Gunnar Risnes fra Hyllestad kommune i 1969
3. I 1994 etablering av kjørevei til gnr. 4 (55 m). Frem til 1958 da kommunal bilvei kom, var det kun stier som førte frem til skolen fra sjøsiden og landsiden. Kart og foto som beskriver området.
4. Korrespondanse med Hyllestad kommune i forbindelse med etablert traktorvei i 1998
5. Brev fra Hyllestad kommune i forbindelse med retting av kart
6. Brev fra Kartverket og utskrift fra tinglysningsdokukmenter

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Saksbehandler: Arnt Erik Nordheim
Telefon: 57643168
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato
03.06.2013
Deres dato
15.05.2013

Vår referanse
2013/2203 - 325.1
Deres referanse

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 HOSLE

## Spørsmål om traktorvei og tinglyste rettigheter, Hyllestad kommune

Vi viser til brevet ditt datert 15.05.2013, som gjelder etablering av traktorvei på eiendommene gbnr. 37/1-3, og tinglyste veiretter for gbnr. 37/5 og 6.

Ifølge deg er det uklarhet om eieren av gbnr. 37/3 hadde rett til å anlegge traktorvei i tilknytning til adkomstveien til fritidsboligen din i 1998. Traktorveien skal senere også ha blitt oppgradert til bilvei for turister.

Du skriver videre at det oppstod feil ved digitaliseringen av kommunens kart i 2009, og at utmarksområdet rundt eiendommen din skulle vært registrert som felles utmark for gbnr. 37/1-3. Du mener videre at denne feilen kan ha ført til at bnr. 5 og 6 har fått tinglyste rettigheter til veistrekningen omtalt i brevet. Feilene har vært forsøkt rettet ved henvendelse til kommunen, uten at dette har ført fram.

Du ønsker at Fylkesmannen skal bidra til å bringe på det rene hva som er fakta om den anlagte traktorveien og de tinglyste rettighetene.

Fylkesmannen har alminnelig veiledningsplikt innenfor våre saksområder, jf. forvaltningsloven § 11. Vi presiserer at følgende orientering om regelverket er gitt på generelt grunnlag.

**Etablering av traktorvei og oppgradering til bilveg**
Som kommunen har vist til i brev datert 18.01.2011 har ikke bygningsmyndighetene myndighet til å fastslå hvem som har bruksrett eller eiendomsrett til ulike bygninger og areal. Vi viser til kommunens konklusjon i brevet, og vi har ikke ytterligere kommentarer til saken om etablering av traktorvei i 1998.

Oppgradering og bruksendring av landbruksveger til bilvei for turister er som utgangspunkt søknadspliktig etter plan- og bygningsloven § 20-1 bokstav l og b. Motorferdsel på landbruksveier som ikke er godkjent for bilbruk, kan også være i strid med forbudet mot motorferdsel i utmark, jf. motorferdselloven § 3 og § 2 tredje ledd.

Det er kommunen som skal påse at plan- og bygningsloven overholdes i kommunen, og som kan gi tillatelse til ikke-landbruksrelatert motorferdsel i utmark. Vi viser derfor til Hyllestad kommune for spørsmål om den konkrete saken.

**Krav om retting av opplysninger i matrikkelen**
Etter matrikkellova § 26 kan en part kreve retting av matrikkelen når det blir dokumentert at opplysningene er urette eller ufullstendige. Det fremgår av bestemmelsens tredje ledd at grenser som er fastlagt i oppmålingsforretning ikke kan endres, men bare kan rettes på grunnlag av ny forretning eller rettskraftig avgjørelse ved domstolene. Tilsvarende følger det

av § 26 første ledd at kommunen ikke kan endre matrikkelen på eget initiativ, dersom endringen forutsetter oppmålingsforretning.

Oppretting eller registrering av uregistrerte jordsameier krever oppmålingsforretning før matrikkelføring, jf. matrikkelloven § 6 bokstav a og c. Som kommunen har vist til i brev datert 28.02.2013, må rekvisisjon av matrikkelenheter i sameie kreves av samtlige sameiere eller ved fullmakt til styret, annet organ eller person.

Fylkesmannen gjør oppmerksom på at avslag på krav om retting av opplysninger i matrikkelen er et enkeltvedtak som du har rett til å klage på, jf. matrikkelloven § 46 bokstav h. Dersom du ønsker å klage på kommunens avgjørelse 28.02.2013, skal klagen stiles til kommunen. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak når ikke annet er bestemt.

**Avklaring av privatrettslige forhold**
Dersom vilkårene for å rette opplysninger i matrikkelen ikke foreligger, kan en eventuell uenighet mellom partene om eiendomsforholdene løses ved jordskifteretten eller ved de alminnelige domstolene.

Vi viser til at jordskifteretten i en grensegangsak har myndighet til å "*klarleggje, merkje av og beskrive grenser for grunneigedom, anleggseigedom, uteareal til eigarseksjon og jordsameige, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentleg regulering…*" jf. jordskifteloven § 88 første ledd.

Dette til orientering.

Med hilsen

Anne Kristin Kayser
juridisk sjef

Arnt Erik Nordheim
rådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent*

Elektronisk kopi:
Hyllestad kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 Leikaner

Hosle, 12 juli 2013

KLAGE PÅ HYLLESTAD KOMMUNES SAKSBEHANDLING AV ANLAGT TRAKTORVEI I STRANDSONEN I FELLES UTMARK FOR G NR 37-BNR 1, 2 OG 3 OG TINGLYSTE VEIRETTERTIL G NR 5 OG 6.

Jeg viser til mitt brev datert 15-05-13 med vedlegg angående ovennevnte forhold.
I brev av 11-06-13 til Hyllestad kommune (vedlegg) ba jeg om en ny vurdering av saken.
I brev av 19-06-13 opprettholder Hyllestad kommune sin forvaltning av saken.
Hvilket kartgrunnlag som ligger til grunn for tinglyste veirettigheter til gnr 5 og 6 har jeg ikke fått svar på.

Hyllestad kommune viser i sitt brev av 19-06-13 til synfaring 17-01-11. Den ble gjennomført uten at grunneierne av bnr 2 var innkalt. På min forespørsel om hvorfor, ble jeg fortalt at dette var diskutert, men at en ikke fant det nødvendig siden bnr 2 var en mindre eier og antakelig ikke hadde noen interesse i veien. Jeg hadde ikke på det tidspunkt anledning til å delta.

I brev av 24-01-11 gjør jeg Hyllestad kommune oppmerksom på at jeg hadde vært i kontakt med entreprenør Atle Giil som hadde utført arbeidene. Jeg ga kommunen opplysninger om hvilke arbeider som var utført. Jeg tok det som en selvfølge at mine opplysninger ble sjekket av Hyllestad kommune.

I brev av 14-02-11 gir Hyllestad kommune tilsvar på mitt brev av 24-01-11. Her blir jeg, som sitert i mitt brev til Hyllestad kommune 11-06-13, i klare ordelag fortalt hvordan Hyllestad kommune stiller seg til saken og de gir uttrykk for at de sannsynligvis hadde gitt tillattelse til bygging av traktorvei i strandsonen. Som det fremgår av mitt brev av 24-01-11 (vedlagt) med påskrift av Atle Giil 05-07-13, er et meget omfattende arbeid utført med gravemaskin og tilkjørte masser i tillegg til den massen en fant i terrenget. Vedlagte foto av en ca 3 m høy mur er et eksempel på det.

Hyllestad kommune hevder at traktorveien ikke er oppgradert til bilvei, noe den ble av eier av Bnr 1 og 3 i 2012.

Dette er blitt en underlig mosaikk å finne ut av. Hvordan skal jeg som eier av bnr 4 og eier av veien forholde meg til bnr 1,2,3, 5 og 6 angående bruk av veien frem til mitt feriested. Slik jeg oppfatter Hyllestad kommune i brev av 19-06-13 skal jeg foreta en politianmeldelse dersom motorisert ferdsel finner sted. En helt uholdbar situasjon å være i.

Hyllestad kommune fremholder med tyngde at dette er en sak som ikke har offentlig interesse, noe jeg stiller meg spørrende til. Jeg mener Hyllestad kommunes behandling av saken ikke er god kommunal forvaltningspraksis og tjenesteyting. Her må jeg selvsagt ta forbehold om min egen mangel på selvinnsikt, som for flere enn undertegnede kan være en vanskelig øvelse.

---

Med vennlig hilsen


Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 Hosle
Tlf 97759546


CC: Hyllestad kommune v/rådmann Bente Nesse
Hyllestad kommune v/ordfører Jan Olav Gjerde

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 Hosle

24.01.11

Hyllestad kommune
v/avd.ing./brannsjef Erling Varlid

6957 Hyllestad

**Vedr.: Traktorvei tilsjøen på gnr. 37 bnr 1, 2 og 3**

Viser til brev datert 18.01.11 som omhandler synfaring 17. januar 2011. Undertegnede var ikke tilstede, og vil komme med følgende opplysninger som ikke fremkom under synfaringen.

Angående pkt. 2, samsvarer Jan Borsholm sin forklaring ikke med det arbeidet som ble utført i 1998.

- I månedsskiftet september/oktober 1998 ble Atle Giil, Sørbøvåg, innleid med gravemaskin for å utføre arbeider fra sjøen og frem til veien til gnr. 37/4.
- Arbeidet besto blant annet i boring og utskyting av svaberg ved skolens uthus, og oppføring av forstøtningsmur. Fjerning av røtter og nedfelte trær. Laging av stikkrenner og stikkveiter osv. Frem til oppbygd forstøtningsmur ble det tilført flere billass med steinmasser.
- Fra uthuset hvor stien til skolehuset sluttet hvor det ikke var noen sti (vestsiden), ble det i hovedsak planert i eksisterende jordmasser. Det samme ble gjort på oversiden (østsiden) hvor traktorveien ble tilknyttet eksisterende vei til gnr. 37/4.

Regner med at overnevnte og synfaringen setter Hyllestad kommune i stand til å avgjøre om dett er et arbeid som skulle vært omsøkt før bygging.

Med hilsen
Gunnar Risnes

Det var ikkje utført særlig sprenging.
Tilkjørt 16 m³ masser.
Gravemaskin 37 timer
Etter arbeidsliste av nov. 1998
Faktura No 448 10.11.98

Sørbøvåg den 5 juli 2013 Atle Giil



Bildene viser
den oppsatte
forstøtningsmur
på 3/4 m i høyde



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Saksbehandler: Arnt Erik Nordheim
Telefon: 57643168
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato
22.07.2013
Deres dato
12.07.2013

Vår referanse
2013/2203 - 325.1
Deres referanse

Gunnar Risnes
Berta Bråtens vei 13
1362 HOSLE

**Klage på saksbehandling av anlagt traktorvei, Hyllestad kommune for gbnr. 37/1, 2 og 3 og tinglyste veiretter til gnr. 5 og 6**

Vi viser til tidligere korrespondanse vedrørende traktorvei på eiendommene gbnr. 37/1-3 og tinglyste veiretter for gbnr. 37/5 og 6, senest ved ditt brev datert 12.07.2013.

Vi opplyser innledningsvis om at Fylkesmannen ikke har hjemmel til å instruere kommunen i enkeltsaker. Det er kommunen som er lokal bygningsmyndighet og som skal ta stilling til om bruk av bygninger og areal er i tråd med gitte tillatelser etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §§ 1-4, 25-1 og 32-1. Vi konstaterer at du og kommunen har ulikt syn på om traktorveien er bruksendret til bilvei. Etter en gjennomgang av brevet ditt kan vi ikke se at saken har slikt omfang at Fylkesmannen bør tre inn i saken. Avgjørelsen om å ikke tre inn i saken er ikke et enkeltvedtak og kan derfor ikke klages videre.

Som vi har vist til i brevet vårt 03.06.2013, kan motorferdsel på landbruksveier som ikke er godkjent for bilbruk, være ulovlig, jf. motorferdselloven § 3 og § 2 tredje ledd. Mistanke om overtredelser kan eventuelt anmeldes til lokal politimyndighet. Eventuelle uenigheter om eiendomsrett- eller bruksrett er privatrettslige forhold som må løses partene imellom, og det blir opp til domstolene å treffe avgjørelse ved en eventuell tvist. Vi viser ellers til brevet vårt 03.06.2013.

Dersom du mener at du har lidt urett som følge av kommunens saksbehandling, kan du henvende deg til Sivilombudsmannen. Eventuelle klager må være satt fram innen ett år etter endelig avgjørelse i saken. Sivilombudsmannen har ikke plikt til å ta opp saken, men avgjør selv om klagen gir tilstrekkelig grunn til behandling. Du finner nærmere opplysninger om fremgangsmåten på www.sivilombudsmannen.no, eventuelt ved å ringe Sivilombudsmannen på grønt nr. +47 800 800 39.

Dette til orientering.

Med hilsen

Anne Kristin Kayser
juridisk sjef

Arnt Erik Nordheim
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.*

Elektronisk kopi:
Hyllestad kommune

Vedlegg 1.


PANTEBOK
Sorenskrivaren
i Ytre Sogn
II.B. 37
Pantebok
1930 – 1931

Kildeinformasjon: Gammel arkivreferanse: II.B.37, Sted: Ytre Sogn sorenskriveri, Oppbevaringssted: SAB. Merknader: .
http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-tl20071008790119.jpg

1 Stempelmerke kr. 2. –
1. – do " 0 50

Nr. ~~11~~ 1716 1930
P. b. nr. 37 fol.
R. Reg.
P. Reg.

# Skjöte

Undertegnede Johannes O. Skivenes, som eier av g. nr. 37 br. nr. 1 Borsholm, Reinhardt S. Eide som eier av g. nr. 37 br. nr. 2 Borsholm og Andr. P. Borsholm som eier av g. nr. 37 br. nr. 3 Borsholm i Hyllestad tinglag, erkjenner herved at ha solgt, likesom vi herved sælger, skjöter og overdrager til Hyllestad kommune, en fra våre forannevnte eiendomme ved skylddelingsforretning av 19/5 1930 tgl. 1930 frakskilt parcel, der ved nevnte forretning har fått g. nr. 37. br. nr. 4 Borsholm og en skyld av 1 öre.

Kjöpesummen som er omforenet til kr. 250. – to hundrede femti kroner – er tilfredsstillende ordnet.

Med hensyn til parcellens grenser, dens herligheter og rettigheter henvises til forannevnte skylddelingsforretning, dog bemerkes, at sælgerne er forpliktet til at skaffe heftefritt skjöte.

Da kjöpesummen, som foran nevnt, er betalt, meddeler vi herved Hyllestad kommune nærværende eiendomsskjöte på forananførte parcel av nummer, navn og skyld som nævnt og forbli vi forpligtet Hyllestad kommune hjemmelsmann efter loven.

Borsholm 24. mai 1930
Johannes O. Skivenes
Andreas P. Borsholm
Reinhardt S. Eide

Til vitterlighet
Hans Nordheim

ARKIVVERKET DIGITALARKIVET Kildeinformasjon: Gammel arkivreferanse: II.B.37, Sted: Ytre Sogn sorenskriveri, Oppbevaringssted: SAB. Merknader: .
http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-tl20071008790114.jpg

Nr. 10 d. 17/6 1930
P. b. nr. 37 fol.
R. Reg.
P. Reg.

Form. 0750 b
O. Monsens bokh., Bergen

# Skylddelingsforretning.

Finansdepartementets formular.

År 1930 den 19de mai avholdt undertegnede av lensmannen opnevnte menn skylddelingsforretning over gården Borsholm g.nr. 37 br.nr. 1, 2 og 3 av skyld mark 1,75, 1,09 og 1,75 Hyllestad herred tilhørende Johannes O. Skivenes, Reinhard Eide og Andreas P. Borsholm

i anledning av, at det er solgt én parsell av gården til Hyllestad herred.

Mennsopnevnelsen vedlegges. Av mennene har følgende avlagt ed som skjønsmenn Knut Våge og J. E. Risnes

Ved forretningen møte:[1] Samtlige eiere og for herredet ordfører A. Gjertsen.

Mennene valgte til formann J. E. Risnes

Over den del av gården, som er fraskilt, meddeles her følgende grensebeskrivelse:[2])

